

INVITASJON TIL WEBINAR I KREVJANDE INNSYNSSAKER



Dato: Onsdag 3. juni og torsdag 4. juni 2020

Tid: Kl. 09.00 til 12.00

Målgruppa: Arkivleiar, sakshandsamar og andre som jobbar med innsyn

Kravet til kommunane aukar når det gjeld innsyn, offentlegheit og tilgjengeleggjering av arkiv. Talet på innsyn stig og ofte er innsyn særskild ressurskrevjande i kommunane. Det er difor viktig å ha kontroll på lovverket og korleis ein skal tolke dette. Kurset er utvikla av advokat Kurt O. Bjørnnes i samarbeid med oss og tilbakemeldingane vi på IKA Hordaland har fått frå kommunane. Dette er difor ein unik moglegheit til å få gode juridiske innspel på dei problemstillingane ein faktisk har i kommunane.

IKA Hordaland har arrangert kurset to gongar tidlegare, fyrste gong i oktober 2019 og andre gong i februar 2020. Tilbakemeldingane frå desse kursa var særskild gode. Bjørnnes gjennomfører kurset som føreløsingar med innebygde bolkar, og han bruker dømer frå offentleg sektor. Kurset skal gjere deltakarane trygge på lovverket kring innsynskrav og vidare gje nokre knaggar for handsaming av desse.

Grunna koronautbrotet set vi denne gongen kurset opp som webinar. Det er avgrensa med plassar på kurset og vi tilrår difor å vere tidleg ut med påmeldinga. Påmeldinga er bindande.

Pris er 1250 kr for eigarkommunar og 2500 kr for andre deltakarar.

Meld deg på kurset her: <https://no.surveymonkey.com/r/8NFTSQD>

Sjå også vårt Facebook-arrangement: <https://www.facebook.com/events/755581161936111/>